

## Inviterer til møte om regionreforma


● **Ove Sveen**  
ove.sveen@fjordingen.no

Administrasjonen i Volda kommune har invitert til møte om regionreforma. Dette skal vere komande torsdag i Volda.

I Stortingsmeldinga om Nye folkevalde regionar er forslaget at fylkeskommunane skal for-

handle seg fram til 10 regionar innan 1. desember i år. Samstundes skal regionane følgje funksjonelle grenser som bu- og arbeidsmarknader og handelsregionar. Det kan vere at Møre og Romsdal får halde fram som eigen region, men det er utfordringar både i nord og sør, og fylkeskommunen vil

ikkje samtale med grannar. Sogn og Fjordane samtalar med Hordaland og Rogaland. På grunn av kommunikasjonsendringar, gjennomførte og planlagde, er Søre Sunnmøre og Nordfjord i ferd med å smelte saman til ein funksjonell region. Her er mange ting å drøfte.



**Ordfører Jørgen Amdam:** Inviterer til debatt om regionreform.

### Oppstart av kommuneplanarbeid

Statens vegvesen har varsla oppstart av kommuneplanarbeid for E39 Byrkjelo-Grodås. Dette skal fastleggje framtidig vegløyning for E39 med tilknytningar. Forslaget til planprogram som skal ligge til grunn for arbeidet, blir lagt ut for offentlig ettersyn i tida 14. april til 1. juni.

# Konstant latter i kaféen

Roar Brekke vart nylig nominert til NRK sin Komipris som årets standupkomikar med showet "All verdens tid". Laurdag kveld var han på plass i Stryn Kulturhus, og hadde det vore opp til stryningane er det gode sjansar for at han hadde stukke av med prisen.

● **Ingrid Kvåle Faleide**  
redaksjon@fjordingen.no

Brekke gav av seg sjølv og brukte publikum på ein måte som slo godt an. Om lag 50 personar var samla i Kulturhuskaféen, og der var nok ikkje ein einaste som ikkje kjende seg truffen av poenga hans.

- Ein skulle tru han hadde planlagt alt han sa, men det kan han jo ikkje ha gjort, var ein av kommentarane som kom frå publikum i etterkant.

### Tidsbegrep

- Kva er eigentleg lengst av "snart" og "om litt"? Kven er "svint" som vi alltid må vere raskare enn? Kva er "straks" - og kvifor i alle dagar seier vi "to straksar" - er det liksom dobbelt så langt om urekneleg?

Den raude tråden i showet til Roar Brekke var tid. Det handla om kva vi brukar tid på i dag - og korleis det var før i tida. På ein imponerande måte greidde han å flette inn treffande omtale av gamle bergensfruer og stumme bybanekranglar, og samtidig halde seg innanfor emnet.

### Brukte publikum

Som komikarar flest brukar Brekke mykje eigne erfaringar i vitsane sine, og det mangla ikkje på dei gode historiene. Men etter 18 år på scena har han utvikla ei spesiell evne til å også linke poenga til dei som sit i salen.

- Eg underheld ofte på firmaarrangement, det er spesielt



**God respons:** Det siste einmannsshowet til Roar Brekke hadde premiere i Bergen hausten 2015, han har fått strålende respons både blant publikum og kritikarar. Det fekk det også



**"Fysisk" komikar:** Brekke er kjend for å bruke heile kroppen når han står på scena. Her viser han alt ei fluge rekk å gjere frå vi slår mot ho - til vi treff noko heilt anna.



**Flott arena:** Kulturhuset skal ha skryt for rammene rundt arrangementet. Å setje opp scene i foajeen, og la folk sitte rundt bord og i sofaer var høveleg til denne typen arrangement.

utfordrande fordi dei som er der ikkje nødvendigvis høyrer på meg frivillig, fortalde han til Fjordingen etter showet. Det er viktig å skjønne kva dei som sit i salen i dag vil le av eller kan kjenne seg att i.

### Kjent fjes

Roar Brekke er opphavleg frå Odda, men bur i Bergen. Han lever av å vere humorist. Laurdag opna han showet med å spørje om nokon av publikum hadde sett han på scena før, og

det var det fleire som hadde. Brekke har blitt eit kjent fjes for mange stryningar etter å ha vore gjestearartist på to sommarrevyar, i tillegg til å ha framført fleire andre show her.

- Det var kjekt å opptre i

Stryn igjen, sa Brekke etter han hadde gått av scena. - Dette var ein fin gjeng som hang godt med.